



NÆR FOLK

i heile Tokke

Våre hovudsaker:

- Legge til rette for nye tomter/bustadar/prøvebustader i heile Tokke.
- Sikre makspris på straum til glede for innbyggjarar og næringsliv.
- Bygge nye Tokke skule.
- Garantere at kommunal eigedomsskatt på hus og hytter ikkje blir innført.

senterpartiet.no/tokke

Program for Tokke Senterparti for valperioden 2023-2027

SENTERPARTIET SITT VERDIGRUNNLAG

Senterpartiet vil bygge samfunnet nedanfrå. Vi arbeider for eit samfunn der menneske kan utvikla seg i fridom og tryggleik, der vi tek ansvar for eige liv, for fellesskapet og for naturen. Verdigrunnlaget til Senterpartiet er den kristne og humanistiske kulturarven

SENTERPARTIET SINE OVERORDNA MÅL

- Berekraftig forvaltning av natur og miljø.
- Busetjing i heile landet.
- Eit samfunn med små sosiale, geografiske og økonomiske skilnader.
- Desentralisering av makt og kapital.
- God beredskap over heile landet.



Jarand Felland
Dalen, 1970

VI VIL AT TOKKE KOMMUNE SKAL:

- Vere ein positiv og veldriven kommune med ansvarleg styring.
- Vere open og inkluderande og gje god og rask service til innbyggjarane.
- Halde fram som sjølvstendig kommune, med nærleik mellom folk og dei som styrer.
- Vere ein attraktiv arbeidsgjevar som sikrar god rekruttering, ved mellom anna å legge til rette for: fleire lærlingar, fleire prosjektoppgåver og at tilsette kan ha lønna arbeidspraksis i andre kommunar, statlege etatar og sjukehus.

AKTIV BUSTADPOLITIKK – LIV I KVART HUS

Det er viktig å kunne tilby attraktive tomter og bustader til innbyggjarane våre og til dei som vurderer å flytte hit. Folk er i ulike livsfasar og har ulike interesser og behov.

Senterpartiet vil:

- Vere med å finansiere bygging av leilegheiter på Dalen.
- Vere med å finansiere bygging av prøvebustader mellom anna på Åmdals Verk og i Lårdal.
- Regulerer fleire bustadfelt og bustadtomter i heile kommunen.
- At det skal vere enkelt å bygge spreidd dvs. utanfor bustadfelt.

Heile programmet ligg på senterpartiet.no/tokke
Følg oss på Facebook:  Tokke Senterparti

- Auke tilskot til bygging utanfor bustadfelt, samt kjøp og restaurering av bustad for folk under 35 år.
- Auke satsinga på «småbruksprosjektet».
- Oppretthalde konsesjonsgrense null i kommunen.
- Garantere at ingen skal betale kommunal eigedomsskatt på hus og hytter.
- Auke støtta til raskartlegging ved bygging av bustadhus.

BARN, SKULE OG OPPVEKST – DET SOM SKAPER FRAMTIDA

Vi vil halde fram med satsing på barnehagar og skular med høg kvalitet.

Senterpartiet vil:

- Bygge nye Tokke skule. I prosessen bør det vurderast om ein kan nytte delar av eksisterande bygningar. Det bør og vurderast om ungdomsskulen (8.-10. klasse) kan vere lokalisert i eige bygg eller eigen del av skulen.
- Det nye skulebygget bør ha kjøkken med høve til å førebu/lage skulemat for elevane.
- Bygge om parkeringsplassen ved Tokke skule i samsvar med vedteken plan.
- Sikre alle barn og unge eit trygt og godt oppvekstmiljø mellom anna med meir tverrfagleg samarbeid.

- At Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT) skal setje av meir tid til samarbeid om gode og inkluderande læringsmiljø.
- At tilsette skal ha minimum éin fagdag i året med gode skulemiljø og førebyggjande arbeid mot utestenging/mobbing som tema.
- Arbeide for å sikre gode overgangar mellom barnehage, skule og vidaregåande opplæring.
- Sikre ein desentralisert barnehage- og skulestruktur.
- Sikre full barnehagedekning.
- Sikre fast sommarskule for elevar mellom 5. - 10. klasse.
- Sikre at flyktningar blir godt integrerte mellom anna med god norskopplæring, karriererettleiing og støtte/tilrettelegging for arbeidspraksis.



Camilla Lagergren Knudsen
Byrte, 1985

VEST-TELEMARK VIDAREGÅANDE SKULE – VI MÅ TA GODT VARE PÅ UNGDOMMEN

Vest-Telemark vidaregåande skule er viktig for kompetanseutviklinga i Vest-Telemark.

Senterpartiet vil:

- Utvikle bygningane på Moen gard i samarbeid med den vidaregåande skulen.
- Støtte tiltak som kan auke interessa for å søkje studiespesialiserande utdanning.
- Legge til rette for gode fritidstilbod, som til dømes kafé, for ungdom mellom 16 og 19 år på Dalen.
- Styrke helsetenesta på skulen.

3



Thor Arne Heggveit
Høydalsmo, 1958

HELSE OG OMSORG – GODE TILBOD GJENNOM HEILE LIVET

I Tokke skal alle få eit godt helse- og omsorgstilbod.

Senterpartiet vil:

- Bygge om og ruste opp eit helsehus med nytt legekontor, ekstra skadestoge, ny ambulanseringang og betre lokale for psykisk helse og rus.
- Leggje til rette for at alle får høve til å bu heime så lenge dei ynskjer og så lenge det er forsvarleg.
- Utvide dagtilbodet for demente.
- Opprette ei stilling som demenskoordinator.
- Arbeide for base for luftambulanse i Vinje.
- Oppretthalde aldersbustadene i Høydalsmo, og vidareføre gode tenester for bebuarane.
- Gje elevane god helseteneste på skulane.
- Ha god oppfølging av gravide, nyfødde og familiane deira.
- Legge til rette for gode tenester knytt til psykisk helse og rus.

NÆRING, INDUSTRI, LANDBRUK OG REISELIV – GRUNNLAGET FOR BUSETNAD

Det er viktig å vidareføre den positive utviklinga for næringslivet.

Senterpartiet vil:

- Vidareføre satsinga på industri på Dalen. Regulere inn nytt næringsområde på Vistadmoen.

- Sikre at Tokke Teknologipark blir ein god møteplass for folk. Leggje til rette for fleksibel utleige av kontor også på dags- og månadsbasis.
- Tokke kommune skal prioritere innkjøp av varer og tenester frå lokalt næringsliv.
- Vidareføre ei ordning med makspris på straum, som gjev gode rammevilkår for næringslivet.
- Vere ein god vertskommune for Vest-Telemark NAV-kontor på Dalen. Arbeide for å leggje sentrale NAV-funksjonar til Dalen.
- Arbeide for eit sterkt landbruk i Tokke av omsyn til beredskap, kulturlandskap, naturmangfald og arbeidsplassar.
- Opprette stilling som landbruksvikar.
- Utvide ordninga med støtte til sommarjobb for ungdom frå Tokke.
- Stø opp om butikkar i kommunen gjennom til dømes prosjektmidler.
- Sikre vidareutvikling av fritidsområda på Skafsåheia og Hallbjønnsekken.
- Ruste opp den gamle ferdavegen mellom Eidsborg og Ravnejuv. Utvikle Ravnejuv-atraksjonen til eit moderne reisemål.
- Leggje til rette for kunnskapsformidling om storauren og at fisketrappa i Tokkeåi kan bli ein turistattraksjon.
- Satse på vidare utvikling av fotturisme, som til dømes Lårdalsstigen.

Heile programmet ligg på senterpartiet.no/tokke
 Tokke Senterparti


SAMFERDSEL – GRUNNLAGET FOR UTVIKLING OG SAMARBEID

Transport har til alle tider vore ein viktig føresetnad for næringsliv, utvikling og busetnad.

Senterpartiet vil:

- At fylkeskommunen aukar investeringar til fylkesvegar i Tokke.
- Auke løyvingar til opprusting og vedlikehald av kommunale vegar.
- Arbeide for utbetring av veggen over Suleskar mot Stavanger.
- Arbeide for betre kollektivtilbod mellom kommunesentera i Vest-Telemark.
- At busshaldeplass i Høydalsmo må ligge nær bensinstasjonen.
- Forlenge gang- og sykkelveg på Dalen mellom Gullkopp og Vistadmoen.
- Arbeide for betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar, særleg i Høydalmo og på Dalen.

4



Sverre Bakke
Lårdal, 1954

KULTUR, IDRETT OG FRIVILLIGE ORGANISASJONAR – DET SOM SKAPER TRIVSEL OG SAMHALD

Eit rikt kulturliv er viktig for trivselen for innbyggjarane i Tokke.

Senterpartiet vil:

- Sikre vidare drift av Frivilligsentralen.
- Auke støtta til ulike lag i kommunen.
- Sikre godt vedlikehald av grendehusa.
- Vidareutvikle biblioteka i Tokke til å bli ein naturleg møtestad for alle, særleg for ungdom.
- Støtte drift og vedlikehald til oppkøyring av skiløyper.
- Vurdere om nytt statleg krav til fast dekke rundt kunstgrasbanar, kan nyttast til å leggje løpebane rundt kunstgrasbanen på Dalen.
- Innføre ei støtteordning der kommunen dekker noko av prisen

5



Anne Vadder Midtbø
Austheii, 1968

for ungdom og fastbuande ved bruk av padel-tennisbanen på Dalen.

- Skape nye og spanande aktivitetar for barn og unge i kommunen som til dømes attraktiv leikeplass, terrengsykkelløype, hinderløype og klatring.
- Vurdere å bygge ein platting med benkar utanfor Tokke bibliotek.

ENERGI, KLIMA OG MILJØ – VÅRT VIKTIGE SAMFUNNSOPPDRAG

Redusert naturmangfald og klimaendringar påverkar heile verda, også oss i Tokke. Vi må ta vare på naturen og leggje til rette for meir småskala fornybar energi. I Tokke er om lag 95 % av dei utbyggbare vassdraga bygd ut til kraftproduksjon. Fleire store vatn er kraftig regulert og mange elver har lite eller ingen vassføring. Tokkenaturen og tokkesamfunnet har såleis gjeve eit solid bidrag til fornybar energi i landet.

Senterpartiet vil:

- Gå imot bygging av vindkraftverk i kommunen.
- Leggje til rette for meir utbygging av solcelle-energi på tak og mindre anlegg på bakken.
- Leggje til rette for energieffektive kommunale bygg.
- Bruke trevirke i størst mogleg grad, mellom anna i kommunale bygg.
- Arbeide for at skognæringa blir ein viktig del av klimaløysinga.
- Satse på auka beitebruk og styrka husdyrhald for å vedlikehalde kulturlandskapet der mange raudlista artar har sitt leveområde.

- Leggje til rette for lading av elbilar ved kommunale bygg.

VÅRT NÆRMILJØ – EIN GOD Plass Å BU

Senterpartiet vil:

- Utvikle Høydalsmo som porten til Tokke. Kommunen må arbeide for bygging av ein attraktiv stopp-plass ved Oftevatn langs E-134.
- Bygge hengebru for gåande over Tokkeåi mellom Buøy og Brattestø-sida.
- Vurdere å etablere ei ordning med støtte til riving av skjemmaende bygg langs vegar med mykje trafikk.
- Gje tilskot til rydding av punktvis strekkingar langs vegar. Det opnar opp landskapet, gjev godt utsyn og aukar trafikktryggleiken.
- Forbetre leikeplassane i Folkvanghagen og ved badestranda på Dalen.
- Utvikle Slettemoen i Høydalsmo til eit attraktivt område med turstiar, badestrand, gapahuk og skiløyper.
- Leggje til rette for meir planting av blomar rundt i kommunen.
- Ta initiativ til eit prosjekt for Vest-Telemark/Tokke der Renovest/kommunen legg til rette for innsamling av skrap.
- Ta initiativ til etablering av gjenbruksstasjon på avfallsmottaket på Vistadmoen.
- Sikre at Tokke-gym kan ha ope i helgar og på dagtid nokre vekedager.
- Vurdere etablering av hundelufftegard og zip-line.



6



Jon Aslak Austjore
Byrte, 1978

7



Marta E. Karlsen
Åmdals Verk, 1956

KOMMUNESTYREKANDIDATAR



Olav Ståland
Høydalsmo, 1982



**Birgit Johanne
Kovajord Olsnes**
Lårdal, 1975



Steinar Mandt
Eidsborg, 1949



**Laila Karlsen
Taraldien**
Åmdals Verk, 1974



**Bjørn Tore
Lasemo**
Austheii, 1958



Liv Kristin Krog
Høydalsmo, 1996



Magnus Prøven
Lårdal, 1988



Olav Solvang
Dalen, 1953



**Gudny Anette
Lofthus**
Høydalsmo, 1995



**Signe Kristine
Urbø**
Åmdals Verk, 1996



**Gunnar
Bleikelia**
Lårdal, 1987



**Geir Arild
Djuve**
Lårdal, 1963



**Kirsti
Sandland**
Høydalsmo, 1967



**Rune
Pettersen**
Austheii, 1961



senterpartiet.no/tokke
f Tokke Senterparti